

**Til stades:** Per Øyvind Tveiten - leiar, Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Hilde Reitan, Olav I. Mjelva, Tove Leinslie

Gro Marie Svidal – 1.vara, Gudrun Folkedal – 2.vara, Kjellbjørn Karsrud – 3.vara

Linda Dyrnes – dagleg leiar

Marit Vestrum under sakene 42-43

Olaug Furusæter under sak 46

**Tid:** **Fredag 5.juni kl.10-17**

**Stad:** **FolkOrg sine kontor på Schous**

## Sakliste

**Styresak 2015/40 Innkalling og sakliste**

**Styresak 2016/41 Orinterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) Presentasjon av det nye styret. Gjennomgang og drøfting av arbeidsform og rutinar
- b) Driftsrapport
- c) diverse

**Styresak 2017/42 Kriterier for årets folkemusikkarrangør**

**Styresak 2017/43 Munnbspellgruppa – prøveordning som faglag**

**Styresak 2017/44 Ramme for lokale tingingar**

**Styresak 2017/45 Møteplan for styret hausten 2015**

**Styresak 2017/46 Folkelarm – framlegg til ny organisering**

**Styresak 2017/47 Eventuelt**

## **Styresak 2015/40 Innkalling og sakliste**

*Vedtak:* Innkalling og sakliste vart godkjend.

## **Styresak 2015/41 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) Presentasjon av det nye styret. Gjennomgang og drøfting av arbeidsform og rutinar**
- b) Driftsrapport per mai 2015:**
  - a. Rådgjeving/opplæring/service – oppsummering:
    - i. Vi har gitt rådgjeving til lag og arrangørar om ulike tema – det er stor auke i etterspurnad etter rådgjeving.
    - ii. Vi har arbeidd med tilskotsordningane vi forvaltar, både utlysing, revidering av retningsliner, søknad til ledd over oss.
    - iii. Vi har oppnemnt nye styremedlemmer i Norsk folkemusikkfond
    - iv. Vi har gjennomført seminar på Landsmøte i FolkOrg.
    - v. Vi har vore til stades på årsmøta i alle områdelaga med unnatak av Trøndelag folkemusikklag. Nokre av desse er kombinert med kappleikar.
    - vi. Vi arbeider med nettverket av folkemusikkarrangørar – opptak av medlemmer og revidering av retningsliner.
    - vii. Vi var på Munnspellmiljøet si samling på Gjøvik for å drøfte oppretting av faglag i FolkOrg.
  - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
    - i. Vi har arbeidd med utlysing, sakshandsaming og utdeling av prisen for årets lokallag.
    - ii. Vi har hatt ei samling for å revidere arrangørhandbøkene for landskapappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Arbeidet held fram.
    - iii. Vi har hatt møte med områdelaga under Landsmøtehelga.
    - iv. Vi har vald ut semifinalister til INTRO-folk og fordelt desse på dei ulike festivalane.
    - v. Vi arbeider med planlegging av seminar og møteplassar under Folkelarm.
    - vi. Arbeidet med Folkelarm 2015 er godt i gong. Artistane er vald ut og skal offentleggjerast i juni. Salet av delegatpass er opna. Nye nettsider er lansert.
  - c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
    - i. to nummer av Folkemusikk i 2015 er ute.
    - ii. Det er gjort et stort arbeid med sal av annonsar til Folkemusikk.
    - iii. Vi arbeider med ferdigstilling av folkorg.no, og den nye informasjonsrådgjevaren er på plass.
    - iv. Sendt ut ti nyhendebrev til lokallaga og to til arrangørane.
  - d. Påverknad/samarbeid – oppsummering
    - i. Vi har vore i to møte med Arbeiderpartiet på Stortinget og diskutert kunstnarkår og statsbudsjettet 2016.
    - ii. Vi har sendt inn høyringsinnspel om knutepunktordninga

- iii. Vi deltok på seminar om rekruttering ved Norges Musikhøgskole. FolkOrg skal ha med ein representant i ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa hadde sitt første møte 22.mai. I gruppa sit Steinar Ofsdal, Jo Asgeir Lie, Tom Willy Rustad, Mats Johansson og Linda Dyrnes. Vi hadde eit godt møte om på kva måte vi kan bidra til rekruttering til sjangeren.
- iv. Vi har hatt møte med administrasjonen i Norsk kulturråd om driftstilskot til FolkOrg.
- v. Vi har vore med i møte med administrasjonen i Norsk kulturråd om driftstilskot til Telemark folkemusikksenter.
- vi. Vi har vore med på ein kronikk i dagsavisa i protest mot kuttet i musikkavdelinga i NRK P2. Det har vi gjort i samarbeid med MFO, Norsk jazzforum, Norsk Komponistforening og NOPA.
- vii. Vi har vore til stades på møtet med Møre og Romsdal Fylkeskommune om folkemusikksatsinga der.
- viii. Vi har gitt innspel til evalueringa av Musikkutstyrssordninga. Det vart gjort gjennom at dagleg leiar vart intervjua av forskarane som har fått oppdraget.
- ix. Vi har vore med på Musikkting – generalforsamling for Musikkens studieforbund og Norsk musikkråd.

**e. Særskilde satsinger**

- i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
  - 1. Arbeidet med idébanken for samarbeid mellom kulturskule og lag er tatt opp att.
  - 2. Vi har avtala møte med Sparebankstiftinga.
- ii. Folkedans
  - 1. Vi har vore på møte på Norsk senter for folkemusikk og folkedans for å drøfte innhaldet i ei eventuell kunstfagleg utdanning i folkemusikk og folkedans,
  - 2. Vi har vore med på samrådingsmøte for folkedansen. Der drøfta vi mellom anna eit samarbeid med Norsk korps forbund om å arbeide for ei instruktørlønn.
- iii. Formidling og informasjon
  - 1. Music Norway innvilga kr 100 000 i reisetilskot til den norske satsinga på TFF Rudolstadt.
  - 2. Vi var med på å arrangere slipp av det norske programmet på TFF Rudolstadt på den norske ambassaden i Berlin saman med festivalen, ambassaden og Music Norway. Gjermund Larsen Trio spelte.
  - 3. Promo-CD folkcd.no vart lansert på Riksscena under Landsmøtehelga. Den er no sendt ut til

utanriksstasjonane og distribuert til fleire som kan gi  
den til relevante kontaktar.

c) Diverse orienteringar

- a. Vi har sendt innspel til statsbudsjettet til alle partia på stortinget
- b. Vi har hatt eit positivt møte med DNB Sparebankstiftinga om eit rekrutteringsprosjekt. Dei er opptekne av kjerneaktiviteten.
- c. Det blir meir enn 30 norske konsertar under TFF Rudolstadt.
- d. Under Musikktinget på Hamar vart Bente Hemsing vald inn i styret og Helene vald som 1.vara i Valnmenda i Musikkens studieforbund, og Ellen Persvold vart vald inn i styret i Norsk musikkråd.
- e. Vi fekk avslag på søknad om tilskot til seminar på Folkelarm. Ny søknad er sendt inn.
- f. På landskappleiken deltek Per Øyvind Tveiten, Helene Myklemyr Bolstad, Camilla Granlien, Thor Hauknes og Hilde Reitan frå styret.
- g. På Landsfestivalen i gammaldansmusikk deltek Per Øyvind Tveiten, Helene Myklemyr Bolstad, Camilla Granlien, Thor Hauknes, Hilde Reitan og Gro Marie Svidal frå styret.

*vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse  
merknadene:*

- a) Daglek leier opprettar ei Dropbox-mappe der vi lagrar alle sakspapir, innkallingar og referat frå styremøta.
- b) Ingen merknadar
- c) Informasjon frå styremedlemmar:
  - a. Det er kome eit forslag om å lage ei førstehjelppakke for lokallag som slit.
  - b. Det arbeidast med ei landsdelsscene for dans på Ål.
  - c. Hallvard T. Bjørgum har hatt ei oppmøding til kyrkja om å kome med ei unnskyldning til folkemusikken. Styreleiar ble bedt om å kommentere, men journalisten kom ikkje attende. FolkOrg er nok i dag mest oppteken av å vidareføra og utvikla det gode samarbeidet med kyrkja som no er etablert.
  - d. Gro Marie Svidal deltek på kurs i styrearbeid hos Frivillighet Norge.

**Styresak 2015/42 Kriterier for årets folkemusikkarrangør**

*Vedtak:*

- 1) Premie, juryarbeid, utdelingsstad og dekking av overnatting og reise for dei nominerte i årets folkemusikkarrangør vert ikkje endra.
- 2) Framlagt framdriftsplan vert vedteke.

- *Kriteriet som skal ligge til grunn for utdelinga av årets folkemusikkarrangør 2015 er: "Samfunnsansvar og medvit om korleis ein gjennom folkemusikk og folkedans påverkar menneske, samfunn og miljø." Det må komme fram i spørsmåla og utlysningsteksta kva det kan gå ut på.*

### **Styresak 2015/43 Munnspellgruppa – prøveordning som faglag**

Vedlegg: Saksnotat 2017/43, framlegg til kontrakt mellom munnspellgruppa og FolkOrg

*Framlegg til vedtak: Administrasjonen i FolkOrg tek kontakt med munnspelsmiljøet for å inngå ein avtale der vi legg oss så nær opp til lokallagsmedlemsskap som mogleg. Vi må signalisere at vi vil leggje opp til å endre vedtektena når det gjeld faglag, slik at det vert krav om at alle personlege medlemmer må vere medlemmer i FolkOrg.*

### **Styresak 2015/44 Personalsak**

### **Styresak 2015/45 Møteplan for styret hausten 2015**

*Vedtak:*

*Styremøte 2015/05 vert sett til 9.oktober 10-17*

*Styremøte 2015/06 vert sett til 23.-24.november.*

### **Styresak 2015/46 Folkelarm – framlegg til ny organisering**

*Vedtak: Styret ønskjer at Folkelarm skal verte eit arrangement som er større, har meir fokus på å vere ein festival og har ein stødigare økonomi. I løpet av sommaren (innan 1. september) drøftar styret og administrasjonen om det er naudsynt å ta ei pause i arrangementet i 1-2 år for å bygge Folkelarm opp og kva for konsekvensar ei slik pause eventuelt har. Samtalar på styrenivå med dei mest aktuelle samarbeidspartane bør gjennomførast slik tilrådd frå prosjektgruppa.*

### **Styresak 2015/47 Eventuelt**